

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Fjell rådhus, kultursalen
Dato:	13.05.2019
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet.

Orienteringar i møtet:

- Orientering om Øygardskonferansen v/ dagleg leiar Vest Næringsråd, Rikard Toft Ledang
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid;
 - prosjektstatus
 - status økonomi pr. 1.kvartal 2019

Straume, den 07.05.2019.

Marianne Sandahl Bjørøy (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 22/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 23/19	Referatsaker og orienteringar
PS 24/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 25/19	Økonomirapport pr. 1.kvartal 2019 for Nye Øygarden kommune
PS 26/19	Endring av adressenamn i Nye Øygarden kommune
PS 27/19	Val av leverandør for ordførarkjede Øygarden kommune 2020 – U.off.



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv:
Saksmappe: 2019/795-13357/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 06.05.2019

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
22/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	13.05.2019

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
23/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	13.05.2019

Referatsaker og orienteringar

- Orientering om Øygardskonferansen v/ dagleg leiar Vest Næringsråd, Rikard Toft Ledang
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid;
 - prosjektstatus
 - status økonomi pr. 1.kvartal 2019

 -
 -



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-13500/2019
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 06.05.2019

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
24/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	13.05.2019

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
25/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	13.05.2019

Økonomirapport pr. 1.kvartal 2019 for Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Saka gjeld økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 for dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden samla. Økonomirapporten er basert på økonomiske rapportar kvar av dei tre kommunane har utarbeidd til sine respektive politiske organ.

Samla sett har dei tre kommunane eit negativt avvik på 15,9 mill i høve periodisert budsjett knytt til netto driftsresultat. Det negative avviket kjem frå Fjell kommune som isolert sett har eit meirforbruk på 20,1 mill medan Sund er i balanse og Øygarden rapporterer eit positivt budsjettavvik på 4,2 mill. Rådmannen i Fjell har i økonomirapport pr 1. kvartal 2019 til Fjell formannskap gjort framlegg om innsparingstiltak for dei resterande 8 månader i 2019. Dei tre kommunane har i tillegg høg lånegjeld og låg egenkapital i form av disposisjonsfond. Den økonomiske situasjonen er ikkje berekraftig slik den framstår.

Prosjektrådmannen vurderer den økonomiske situasjonen etter tre månaders drift i 2019 til å vere alvorleg og ikkje tilfredsstillande. Det vil vere trong for månadleg rapportering om den samla økonomien i dei tre kommunane framover slik at ein kan vurdere naudsynte tiltak i samband med budsjettarbeidet for 2020. Dette vil og bidra til å få eit betra økonomisk grunnlag for Nye Øygarden kommune.

Innstilling:

Fellesnemnda tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering.
Dei tre kommunane lagar ei økonomisk prognose for årsresultat til budsjettkonferansen i juni 2019.

Straume, den 07.05.2019

Rune Lid
prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Saksframlegg Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 Fjell kommune, med notat
Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 - Sund kommune
Økonomiske oversyn pr 310319 Øygarden kommune

Saksopplysningar:

Nye Øygarden kommune

Tabellen viser økonomiske hovudoversikt for første kvartal 2019:

Økonomiske oversikter	Reg. budsjett	Periodisert budsjett	Regnskap 1-3	Avvik 1-3	Regnskap i fjor
Økonomisk oversikt - drift Total					
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	98 876 780	25 213 231	25 796 439	583 209	26 167 047
Andre salgs- og leieinntekter	130 800 491	28 404 122	29 147 157	743 035	25 523 381
Overføringer med krav til motytelse	336 419 581	74 989 986	81 560 062	6 570 077	70 642 386
Rammetilskudd	995 769 000	288 172 314	289 182 770	1 010 456	272 478 128
Andre statlige overføringer	56 798 670	13 619 600	15 248 776	1 629 176	2 665 780
Andre overføringer	580 000	105 000	58 390	-46 610	65 020
Skatt på inntekt og formue	1 081 014 000	314 811 216	317 769 440	2 958 224	306 227 305
Eiendomsskatt	170 669 000	39 722 364	40 053 751	331 387	40 120 591
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	2 870 927 522	785 037 832	798 816 785	13 778 953	743 889 638
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	1 455 711 518	394 356 301	413 411 920	-19 055 619	397 176 439
Sosiale utgifter	398 878 099	111 003 375	112 867 034	-1 863 659	113 033 116
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	327 140 945	104 613 373	111 819 465	-7 206 092	96 150 716
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	406 002 713	116 905 309	115 475 142	1 430 167	102 338 817
Overføringer	175 702 683	53 600 320	66 636 672	-13 036 352	58 208 183
Avskrivninger	130 819 000	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-660 000	-160 000	-129 606	-30 394	-60 760
Sum driftsutgifter	2 893 594 958	780 318 678	820 080 626	-39 761 948	766 846 511
Brutto driftsresultat	-22 667 436	4 719 154	-21 263 841	-25 982 995	-22 956 873
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	27 624 000	1 050 000	2 425 928	1 375 927	1 619 624
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmid	6 000 000	3 509 650	3 509 650	0	329 528
Mottatte avdrag på utlån	375 000	93 750	287 971	194 221	337 691
Sum eksterne finansinntekter	33 999 000	4 653 400	6 223 548	1 570 148	2 286 842
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	82 055 418	13 041 066	11 674 450	1 366 616	9 526 809
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	313 067
Avdrag på lån	112 207 452	13 766 170	6 438 578	7 327 592	7 073 253
Utlån	850 000	212 500	416 828	-204 328	139 150
Sum eksterne finansutgifter	195 112 870	27 019 736	18 529 856	8 489 880	17 052 278
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-161 113 870	-22 366 336	-12 306 308	10 060 028	-14 765 436
Motpost avskrivninger	130 819 000	-	-	-	-
Netto driftsresultat	-52 962 306	-17 647 182	-33 570 149	-15 922 967	-37 722 309

Samla sett viser netto driftsresultat eit negativt avvik på 15,9 mill i høve periodisert budsjett knytt til netto driftsresultat. Det negative avviket kjem frå Fjell kommune som isolert sett har eit meirforbruk på 20,1 mill medan Sund er i balanse og Øygarden rapporterer eit mindreforbruk på 4,2 mill. Sistnemnde tal inkluderer eit positivt avvik knytt til avdrag på lån på 7,3 mill.

Rådmannen i Fjell har i økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til Fjell formannskap gjort framlegg om innsparingstiltak med potensiale på 36,5 mill for dei resterande 8 månadane i 2019. Før dette hadde rådmannen allereie sendt ut skriv til alle tilsette med varsel om innsparingar for 2019.

Tabellen under viser venta sum for frie fond ved utgangen av 2019:

Nye Øygarden kommune	Regnskap 2018	Regnskap 2019 *	pr.innbygger
Disposisjonsfond *	275 957 975	181 203 762	4 754
Bundne driftsfond	74 048 333	57 579 442	
Ubundne investeringsfond	79 471 756	76 593 490	
Bundne investeringsfond	23 189 655	23 189 655	
Sum	452 667 720	338 566 349	

Tabellen under viser venta sum for lånegjeld ved utgangen av 2019:

Estimat langsiktig lånegjeld	pr.innbygger
Lånegjeld	3 148 078 683
Årets opptak	459 794 388
Avdrag	112 207 452
Sum	3 495 665 619

Utvalgte nøkkeltall, nasjonale tall ¹	2016	2017	2018
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	4	3,8	2,5
Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	98,9	98,6	101,7
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	8,3	9,6	10,8

Kilde: Statistisk sentralbyrå

Nye Øygarden kommune	2019
Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	109,65
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,3

Tabellen over viser utvalde nøkkeltal for norske kommunar. Tala viser at gjelda i Nye Øygarden kommune ligg godt over snittet for norske kommunar. Fri egenkapital drift ligg godt under snitt, dette er i tillegg under føresetnad av at driftsbudsjetta i inneverande år vert haldne. Netto driftsresultat ligg langt under både snittet for landet og tilråding frå TBU på 1,75 %.

Fjell kommune

Økonomiske oversikter	Reg.	Periodisert	Regnskap	Avvik	
Økonomisk oversikt - drift Fjell	budsjett	budsjett	1-3	1-3	Regnskap i fjor
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	56 871 000	14 217 749	14 978 645	760 896	14 723 254
Andre salgs- og leieinntekter	72 693 000	14 600 549	12 119 502	-2 481 047	12 416 695
Overføringer med krav til motytelse	215 555 000	48 666 053	51 741 450	3 075 397	43 195 405
Rammetilskudd	603 485 000	175 990 004	178 053 604	2 063 600	166 409 388
Andre statlige overføringer	38 142 000	9 752 350	9 752 350	0	0
Andre overføringer	410 000	102 500	42 840	-59 660	54 660
Skatt på inntekt og formue	778 076 000	227 019 932	226 615 700	-404 232	216 940 380
Eiendomsskatt	750 000	-69 886	-69 886	0	-4 343
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	1 765 982 000	490 279 251	493 234 205	2 954 954	453 735 438
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	916 342 000	251 771 621	265 675 413	-13 903 793	254 962 433
Sosiale utgifter	250 547 000	71 281 443	72 890 873	-1 609 431	73 603 133
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	187 029 000	66 520 898	70 333 237	-3 812 338	57 866 606
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	271 104 000	89 856 746	87 872 742	1 984 004	80 577 255
Overføringer	77 174 000	35 220 700	42 196 509	-6 975 809	38 066 693
Avskrivninger	76 000 000	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	1 778 196 000	514 651 408	538 968 774	-24 317 367	505 076 120
Brutto driftsresultat	-12 214 000	-24 372 157	-45 734 569	-21 362 413	-51 340 682
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	15 300 000	325 000	1 686 044	1 361 044	901 386
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmid	6 000 000	3 509 650	3 509 650	0	329 528
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	21 300 000	3 834 650	5 195 694	1 361 044	1 230 914
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	60 000 000	7 005 903	7 158 277	-152 374	5 271 596
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	313 067
Avdrag på lån	51 000 000	0	0	0	25 800
Utlån	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	111 000 000	7 005 903	7 158 277	-152 374	5 610 463
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-89 700 000	-3 171 253	-1 962 583	1 208 670	-4 379 549
Motpost avskrivninger	76 000 000	-	-	-	-
Netto driftsresultat	-25 914 000	-27 543 409	-47 697 152	-20 153 743	-55 720 230

Fjell kommune	Regnskap 2018	Regnskap 2019	pr.innbygger
		*	
Disposisjonsfond *	112 065 374	55 761 161	2 131
Bundne driftsfond	50 987 418	34 518 527	
Ubundne investeringsfond	53 673 291	53 673 291	
Bundne investeringsfond	18 385 409	18 385 409	
Sum	235 111 494	162 338 389	

Estimat langsiktig lånegjeld	pr.innbygger	
Lånegjeld	2 109 078 374	80 604
Årets opptak	198 445 000	
Avdrag	51 000 000	
Sum	2 256 523 374	

Følgjande er presentert i Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til Fjell formannskap:

Årsresultatet for Fjell kommune for 2018 enda på 31,7 mill i minus. Resultatet for 2017 var 9,7 mill i minus. Akkumulert utgjør dette 41,4 i minus.

Budsjettet for 2019 er særs stramt og kostnadspresset frå 2018 held fram inn i 2019. For å få budsjettet i balanse vart mellom anna utgifter til vikar redusert sjølv om noko vart lagt attende i samband med budsjettvedtaket. Vidare vart ikkje postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen regulert i høve pris og kostnadsvekst.

Lønsoppgjeret for 2019 er venta å lande kring 3,2 %. Lønsavsetnaden i budsjettet er under 50 % av dette. Samla sett har difor budsjettet stor risiko særleg på utgiftssida.

Netto driftsresultat etter 1 kvartal 2019 viser eit negativt resultat på om lag 20 mill.

Dette skriv seg i hovudsak frå lønsområdet i form av for høge vikarutgifter. Postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har og meirforbruk.

Dei frie inntektene er omlag i balanse med ein pluss på 1,6 mill. Gebyrinntekter knytt til sjølvkostområdet viser so langt mindreinntekter på 2,5 mill. Utbytte frå BKK vil truleg gi meirinntekter på om lag 4 mill. Eigedomsskatten vart fjerna på næring i budsjettvedtaket. Inntektsfallet her utgjør om lag 4,5 mill.

Dei ovannemnde postane er alle teke omsyn til i framstillinga. Det same er utgifter knytt til nye Øygarden kommune og Sund barnevern.

Rådmannen har allereie sett i verk tiltak for å få ned meirforbruket gjennom skriv til alle tilsette i kommunen. Tiltaka er knytt til bruk av vikar, innkjøp, tilsetjingar og opplæring. Ut frå den økonomiske stoda pr. 3 månader vurderer rådmannen at det må settast i verk ytterlegare innsparingstiltak slik det går fram av saka.

Tiltaka er som følgjer:

- *Innstramming vikarbruk 3 mill*
- *Ikkje tilsetting i stillingar som vert ledige 10 mill*
- *Temporisering tilsettingar i Lms 7 mill*
- *Temporisering bemanningsnorm i barnehagar 2 mill*
- *Reduksjon i innkjøp av varer og tenester 4 mill*
- *Betaling frå elbil-lading, eksterne og tilsette 0,5 mill*
- *Mindreutgifter Skyss skule 1 mill*
- *Meiravkastning fond/ BKK 6 mill*
- *Mindreutgifter renter lån (belastning investeringar) 3 mill*

Sum 36,5 mill

Sund kommune

Økonomiske oversikter	Reg.	Periodisert	Regnskap	Avvik	
Økonomisk oversikt - drift Sund	budsjett	budsjett	1-3	1-3	Regnskap i fjor
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	25 923 780	6 962 482	6 699 065	-263 416	6 765 751
Andre salgs- og leieinntekter	9 118 491	1 556 323	1 785 155	228 832	2 131 387
Overføringer med krav til motytelse	65 046 581	14 125 182	18 776 815	4 651 633	16 416 654
Rammetilskudd	228 630 000	67 694 870	66 003 130	-1 691 740	63 393 053
Andre statlige overføringer	9 287 670	1 525 000	1 526 489	1 489	0
Andre overføringer	10 000	2 500	5 550	3 050	0
Skatt på inntekt og formue	178 834 000	53 042 164	55 572 643	2 530 479	53 725 237
Eiendomsskatt	10 750 000	0	-7 659	-7 659	-2 700
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	527 600 522	144 908 521	150 361 188	5 452 667	142 429 383
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	284 936 518	75 545 641	79 568 503	-4 022 862	74 295 958
Sosiale utgifter	82 085 099	23 601 565	23 204 083	397 482	22 403 722
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	52 601 945	16 214 974	16 308 415	-93 441	18 692 692
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	57 181 713	7 899 313	8 300 085	-400 772	7 598 618
Overføringer	26 876 683	6 715 320	8 385 703	-1 670 383	7 306 970
Avskrivninger	17 000 000	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-660 000	-160 000	-129 606	-30 394	-60 760
Sum driftsutgifter	520 021 958	129 816 812	135 637 183	-5 820 370	130 237 200
Brutto driftsresultat	7 578 564	15 091 708	14 724 005	-367 703	12 192 182
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	7 430 000	575 000	638 392	63 392	642 257
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	250 000	62 500	284 971	222 471	334 691
Sum eksterne finansinntekter	7 680 000	637 500	923 363	285 863	976 948
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	11 438 418	3 380 913	3 138 527	242 386	3 030 243
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	19 387 452	3 311 170	3 308 768	2 402	3 917 633
Utlån	550 000	137 500	361 888	-224 388	139 150
Sum eksterne finansutgifter	31 375 870	6 829 583	6 809 183	20 400	7 087 026
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-23 695 870	-6 192 083	-5 885 820	306 263	-6 110 078
Motpost avskrivninger	17 000 000	-	-	-	-
Netto driftsresultat	882 694	8 899 625	8 838 185	-61 440	6 082 104

Sund kommune	Regnskap 2018	Regnskap 2019 *	pr.innbygger
Disposisjonsfond *	68 922 208	68 772 208	9 738
Bundne driftsfond	8 847 118	8 847 118	
Ubundne investeringsfond	22 920 199	22 920 199	
Bundne investeringsfond	4 804 245	4 804 245	
Sum	105 493 770	105 343 770	

Estimat langsiktig lånegjeld	pr.innbygger	
Lånegjeld	556 647 142	78 823
Årets opptak	180 623 388	
Avdrag	19 387 452	
Sum	717 883 078	

Følgjande er presentert i økonomisk rapport pr. 1.kvartal 2019 til politiske organ i Sund kommune:

Kort oppsummert syner rapporten pr. mars eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,06.

- *Rådmannsområdet har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,5*
- *Kommunalsjefområdet Oppvekst/Kultur har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,4*
- *Kommunalsjefområdet Helse - og omsorg, Areal, Drift har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,3*
- *Ramme, skatt og finansområdet har samla sett eit positivt budsjettavvik på MNOK 1,1*

Rapporten pr. første kvartal syner eit negativt budsjettavvik på kostnadssida med om lag MNOK 1,2 i høve periodebudsjett. (Lønsbudsjettet syner positivt budsjettavvik på MNOK 0,2 medan andre driftskostnader syner eit negativt budsjettavvik på MNOK 1,6). Det er samstundes positivt budsjettavvik knytt til inntekter i storleiken MNOK 1,3 Alt i alt eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,06.

Øygarden kommune

Økonomiske oversikter	Reg. budsjett	Periodisert budsjett	Regnskap 1-3	Avvik 1-3	Regnskap i fjor
Økonomisk oversikt - drift Øygarden					
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	16 082 000	4 033 000	4 118 729	85 729	4 678 042
Andre salgs- og leieinntekter	48 989 000	12 247 250	15 242 500	2 995 250	10 975 299
Overføringer med krav til motytelse	55 818 000	12 198 750	11 041 797	-1 156 953	11 030 327
Rammetilskudd	163 654 000	44 487 440	45 126 036	638 596	42 675 687
Andre statlige overføringer	9 369 000	2 342 250	3 969 937	1 627 687	2 665 780
Andre overføringer	160 000	0	10 000	10 000	10 360
Skatt på inntekt og formue	124 104 000	34 749 120	35 581 097	831 977	35 561 688
Eiendomsskatt	159 169 000	39 792 250	40 131 296	339 046	40 127 634
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	577 345 000	149 850 060	155 221 392	5 371 332	147 724 817
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	254 433 000	67 039 040	68 168 004	-1 128 964	67 918 048
Sosiale utgifter	66 246 000	16 120 368	16 772 078	-651 710	17 026 261
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produks	87 510 000	21 877 500	25 177 813	-3 300 313	19 591 418
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksj	77 717 000	19 149 250	19 302 315	-153 065	14 162 943
Overføringer	71 652 000	11 664 300	16 054 459	-4 390 159	12 834 520
Avskrivninger	37 819 000	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	595 377 000	135 850 458	145 474 669	-9 624 211	131 533 191
Brutto driftsresultat	-18 032 000	13 999 602	9 746 723	-4 252 879	16 191 626
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	4 894 000	150 000	101 491	-48 509	75 981
Gevinst på finansielle instrumenter (omløp)	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	125 000	31 250	3 000	-28 250	3 000
Sum eksterne finansinntekter	5 019 000	181 250	104 491	-76 759	78 981
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	10 617 000	2 654 250	1 377 646	1 276 604	1 224 970
Tap på finansielle instrumenter (omløpsm)	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	41 820 000	10 455 000	3 129 810	7 325 190	3 129 820
Utlån	300 000	75 000	54 940	20 060	0
Sum eksterne finansutgifter	52 737 000	13 184 250	4 562 396	8 621 854	4 354 790
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-47 718 000	-13 003 000	-4 457 905	8 545 095	-4 275 809
Motpost avskrivninger	37 819 000	-	-	-	-
Netto driftsresultat	-27 931 000	996 602	5 288 818	4 292 216	11 915 817

Merk: positivt avvik på 7,3 mill knytt til avdrag på lån vil vere 0 ved utgangen av året.

Øygarden kommune	Regnskap 2018	Regnskap 2019 *	pr.innbygger
Disposisjonsfond *	94 970 393	56 670 393	11 591
Bundne driftsfond	14 213 797	14 213 797	
Ubundne investeringsfond	2 878 266	0	
Bundne investeringsfond	0	0	
Sum	112 062 456	70 884 190	

Estimat langsiktig lånegjeld	pr.innbygger	
Lånegjeld	482 353 167	98 661
Årets opptak	80 726 000	
Avdrag	41 820 000	
Sum	521 259 167	

Følgjande er presentert i økonomisk rapport pr. 1.kvartal 2019 til politiske organ i Øygarden kommune:

Denne rapporten kjem i tillegg til "Økonomirapport pr 31.03.2019 inkl oversyn fond til Formannskapet".

Det vert gjort merksam på at denne rapporten er med å dannar grunnlag for samla økonomisk oversyn i for Nye Øygarden kommune pr 31.03.2019 som skal leggjast fram for Fellesnemnda 13.05.2019.

Økonomisk oversyn pr 31.03.2019 Rekneskapen syner eit netto driftsresultat på 5,3 mill kr mot eit periodisert budsjett på 1 mill og eit årsbudsjett på -27,9 mill kr.

Samla driftsinntekter er på om lag 27% av regulert årsbudsjettet. Sett mot periodisert og regulert budsjett ligg driftsinntektene 5 mill kr over budsjett. Det største avviket her er på dei kommunale gebyra og heng saman med at budsjett ikkje er regulert i høve gebyrsatsar for 2019.

Driftsutgifter er på om lag 24,5% av regulert årsbudsjett. Sett mot periodisert og regulert budsjett er det eit meirforbruk på 10 mill kr. Dei største avvika er på kjøp av varer og tenester og overføringar med meirforbruk på til saman 8 mill kr. Her er det og utgifter som er betalt for heile året, men som har eit budsjett fordelt gjennom heile året slik at avvik vert mindre gjennom mot slutten av 2019. Når det gjeld overføringar er det i hovudsak knytt til ein rekning frå Fjell kommune som gjeld legevakt 2018. Nærare analyse vert kome attende til i perioderapport pr 30.04.19.

Samstundes er det vert å merke seg at fleire store driftsprosjekt ikkje er starta for fullt.

Rådmannen vil ha tett dialog og budsjettoppfølging med einingsleiarar som har meirforbruk, og vil koma attende til rapportering pr eining i samband med driftsrapport pr 30.04.19.

Rapporten frå Øygarden inneheld ikkje summering av avvik. Det er difor litt forskjeller i dei tala Øygarden opererer med og dei tal som går fram av samlereporten for Nye Øygarden kommune. Desse forskjellane er ikkje viktige for konklusjonen i rapporten.

Vurdering:

Dei samla økonomiske tala for drifta pr 3 mnd viser ein sær sram budsjettsituasjon og mest krevjande for Fjell kommune. I Fjell er det allereie sett i verk tiltak og ytterlegare innsparingstiltak er fremja til formannskapet. Det negative avviket knytt til det samla driftsresultatet og høg lånegjeld vitnar om ein ikkje-berekraftig økonomisk situasjon.

Tal frå SSB viser at gjelda i Nye Øygarden kommune ligg godt over snittet for norske kommunar. Fri eigenkapital drift ligg allereie godt under gjennomsnittet, dette før resultata for 2019 er hensynteke. Netto driftsresultat ligg langt under både snittet for landet og tilråding frå TBU på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Prosjektrådmannen vurderer den totale situasjonen som alvorleg og utilfredsstillande og vil be om månadleg økonomisk rapportering frå dei tre kommunane. Jamleg rapportering og god budsjett disiplin dei neste månadane vil leggje eit betre grunnlag for tiltak for å oppnå balanse mellom utgifter og inntekter ved oppstart av Nye Øygarden kommune.

Prosjektrådmannen vil be om at det vert utarbeid ei samla økonomisk prognose for årsresultat til budsjettkonferansen i juni 2019.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019

Samandrag av saka:

Årsresultatet for Fjell kommune for 2018 enda på 31,7 mill i minus. Resultatet for 2017 var 9,7 mill i minus. Akkumulert utgjør dette 41,4 i minus.

Budsjettet for 2019 er særst stramt og kostnadspresset frå 2018 held fram inn i 2019. For å få budsjettet i balanse vart mellom anna utgifter til vikar redusert sjølv om noko vart lagt attende i samband med budsjettvedtaket. Vidare vart ikkje postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen regulert i høve pris og kostnadsvekst. Samla sett har difor budsjettet stor risiko særleg på utgiftssida.

Netto driftsresultat etter 1 kvartal 2019 viser eit negativt resultat på om lag 20 mill. Dette skriv seg i hovudsak frå lønsområdet i form av for høge vikarutgifter. Postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har og meirforbruk. Dei frie inntektene er omlag i balanse med ein pluss på 1,6 mill. Gebyrinntekter knytt til sjølvkostområdet viser so langt mindreinntekter på 2,5 mill. Utbytte frå BKK vil truleg gi meirinntekter på om lag 4 mill. Eigedomsskatten vart fjerna på næring i budsjettvedtaket. Inntektsfallet her utgjør om lag 4,5 mill.

Dei ovannemnde postane er alle teke omsyn til i framstillinga. Det same er utgifter knytt til nye Øygarden kommune og Sund barnevern.

Rådmannen har allereie sett i verk tiltak for å få ned meirforbruket gjennom skriv til alle tilsette i kommunen. Tiltaka er knytt til bruk av vikar, innkjøp, tilsetjingar og opplæring. Ut frå den økonomiske stoda pr. 3 månader vurderer rådmannen at det må settast i verk ytterlegare innsparingstiltak slik det går fram av saka. Denne rapporten vil saman med tilsvarande rapportar frå Sund og Øygarden danne grunnlag for ei rapportering til fellesnemnda 13 mai om den samla økonomiske stoda.

Innstilling:

Formannskapet ber rådmannen sjå til at rekneskapen ikkje viser større underskot enn det kommunestyret har budsjettert med og godkjenner rådmannen sine tiltak slik det går fram av saka.

Straume, den 02.05.2019

Steinar Nesse
rådmann

Svend-Fredrik Untiedt
økonomisjef

Dokument vedlagt saka:

Notat frå rådmannen til alle tilsette om innsparingstiltak

Saksopplysningar:

Årsresultatet for Fjell kommune for 2018 enda på 31,7 mill i minus. Resultatet for 2017 var 9,7 mill i minus. Akkumulert utgjer dette 41,4 i minus som vil bli belasta disposisjonsfondet. Budsjettet for 2019 er særst stramt og kostnadspresset frå 2018 held fram inn i 2019. Budsjettet inneheld stor risiko. For å få budsjettet i balanse vart mellom anna utgifter til vikar redusert sjølv om noko vart lagt attende i samband med budsjettvedtaket. Vidare vart ikkje postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen regulert i høve pris og kostnadsvekst.

Tabellen under viser det økonomiske resultatet pr. 1. kvartal 2019 for Fjell kommune:

Økonomiske oversikter	Reg. budsjett	Periodisert budsjett	Regnskap 1-3	Avvik 1-3	Regnskap i fjor
Økonomisk oversikt - drift					
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	56 871 000	14 217 749	14 978 645	760 896	14 723 254
Andre salgs- og leieinntekter	72 693 000	14 600 549	12 119 502	-2 481 047	12 416 695
Overføringer med krav til motytelse	215 555 000	48 666 053	51 741 450	3 075 397	43 195 405
Rammetilskudd	603 485 000	175 990 004	178 053 604	2 063 600	166 409 388
Andre statlige overføringer	38 142 000	9 752 350	9 752 350	0	0
Andre overføringer	410 000	102 500	42 840	-59 660	54 660
Skatt på inntekt og formue	778 076 000	227 019 932	226 615 700	-404 232	216 940 380
Eiendomsskatt	750 000	-69 886	-69 886	0	-4 343
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	1 765 982 000	490 279 251	493 234 205	2 954 954	453 735 438
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	916 342 000	251 771 621	265 675 413	-13 903 793	254 962 433
Sosiale utgifter	250 547 000	71 281 443	72 890 873	-1 609 431	73 603 133
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	187 029 000	66 520 898	70 333 237	-3 812 338	57 866 606
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	271 104 000	89 856 746	87 872 742	1 984 004	80 577 255
Overføringer	77 174 000	35 220 700	42 196 509	-6 975 809	38 066 693
Avskrivninger	76 000 000	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	1 778 196 000	514 651 408	538 968 774	-24 317 367	504 579 280
Brutto driftsresultat	-12 214 000	-24 372 157	-45 734 569	-21 362 413	-50 843 842
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	15 300 000	325 000	1 686 044	1 361 044	901 386
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmid)	6 000 000	3 509 650	3 509 650	0	329 528
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	21 300 000	3 834 650	5 195 694	1 361 044	1 230 914
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	60 000 000	7 005 903	7 158 277	-152 374	5 271 596
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	313 067
Avdrag på lån	51 000 000	0	0	0	25 800
Utlån	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	111 000 000	7 005 903	7 158 277	-152 374	5 610 463
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-89 700 000	-3 171 253	-1 962 583	1 208 670	-4 379 549
Motpost avskrivninger	76 000 000	-	-	-	-
Netto driftsresultat	-25 914 000	-27 543 409	-47 697 152	-20 153 743	-55 223 390

Netto driftsresultat etter 1. kvartal 2019 viser eit negativt resultat på om lag 20 mill. Dette skriv seg i hovudsak frå lønsområdet i form av for høge vikarutgifter. Postar knytt til varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har og meirforbruk, mellom anna utgifter til energi.

Dei frie inntektene er omlag i balanse med ein pluss på 1,6 mill. Gebyrinntekter knytt til sjølvkostområdet viser so langt mindreinntekter på 2,5 mill. Utbytte frå BKK vil truleg gi meirinntekter på om lag 4 til 6 mill. Eigedomsskatten vart fjerna på næring i budsjettvedtaket. Inntektsfallet her utgjør om lag 4,5 mill.

Lønsoppgjeret for 2019 er venta å lande kring 3,2 %. Lønssavsetnaden i budsjettet er under 50 % av dette. Det er teke omsyn til dette i talgrunlaget over.

Tabellen under viser utviklinga for disposisjonsfond frå 2018 til 2019.

Fjell kommune	Regnskap 2018	Regnskap 2019 *
Disposisjonsfond *	112 065 374	55 761 161
Bundne driftsfond	50 987 418	34 518 527
Ubundne investeringsfond	53 673 291	53 673 291
Bundne investeringsfond	18 385 409	18 385 409
Sum	235 111 494	162 338 389

Etter at det er teke omsyn til budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2019 er det berre att 55,7 mill. til å møte eit venta meirforbruk i 2019.

Det ubundne investeringfondet er bunde opp mot veginvesteringar med budsjett på 50 mill.

Tabellen under viser at venta lånegjeld ved utgangen av 2019 er på 2,25 mrd.

Estimat langsiktig lånegjeld	
Lånegjeld	2 109 078 374
Årets opptak	198 445 000
Avdrag	51 000 000
Sum	2 256 523 374

Nye innsparingstiltak

På bakgrunn av tala over har rådmannen bede sektorsjefane om å legge fram konkrete innsparingstiltak for sin sektor. Med utgangspunkt i innspel frå sektorsjefane har rådmannen sett opp ei liste over aktuelle tiltak med anslag på beløp for årets 8 siste månader:

- Innstramming vikarbruk 3 mill.
- Ikkje tilsetning i stillingar som vert ledige 10 mill.
- Temporisering tilsetningar i Lms 7 mill.
- Temporisering bemanningsnorm i barnehagar 2 mill.
- Reduksjon i innkjøp av varer og tenester 4 mill.
- Betaling frå elbil-lading, eksterne og tilsette 0,5 mill.
- Mindreutgifter Skyss skule 1 mill.
- Meiravkastning fond/ BKK 6 mill.
- Mindreutgifter renter lån (belastning investeringar) 3 mill.

Sum 36,5 mill.

Rådmannen vil komme attende med meir fyllestgjerande tal og eventuelt fleire tiltak i økonomirapport for 1. tertial 2019.

Vurdering:

Ut frå tala pr. 1. kvartal 2019 vil Fjell kommune få eit meirforbruk i 2019.

Rådmannen har allereie sett i verk tiltak for å få ned meirforbruket gjennom skriv til alle tilsette i kommunen. Tiltaka er knytt til bruk av vikar, innkjøp, tilsetjingar og opplæring.

Fjell kommune har avgrensa midlar i balansen til å møte eit meirforbruk ved utgangen av året. Pr. 1. kvartal viser tala allereie eit meirforbruk på om lag 20 mill. Til å møte eit meirforbruk ved utgangen av året har Fjell kommune att eit disposisjonsfond på 55,7 mill.

Rådmannen vurderer at det er naudsynt med ytterlegare tiltak for å redusere meirforbruket i 2019. Tiltaka går fram av avsnittet over. Majoriteteten av tiltaka er ikkje å sjå på som

budsjettendringar, men tiltak for å sikre at det vedteke budsjettet vert halde. Fleire av tiltaka vil truleg krevje endra vurderingar i høve dagens praksis i høve mellom anna vikarbruk og innkjøp. Slike endringar er naudsynte for at tiltaka skal få effekt.

Utfordrande økonomi for Fjell kommune

Medarbeidarane og dei folkevalde i Fjell kommune kan vera stolte av at det vert levert tenester med høg kvalitet og at vi saman vil det aller beste for innbyggjarane. Dette er eit resultat av systematisk utvikling av tenestene i eit godt samspel mellom politikk, administrasjon og arbeidstakarorganisasjonane. Trass i budsjettkutt og strukturendringar har vi unngått å gjera drastiske kutt i tenestetilbodet.

Men det kostar å levera tenester med høg kvalitet. For andre året på rad er rekneskapen for Fjell kommune gjort opp med underskot. Også dei første månadene i 2019 viser eit vesentleg gap mellom inntekter og utgifter. Det er fleire årsaker til dette. Telemarksforsking har rekna ut at inntektsbortfallet for Fjell kommune utgjer om lag 90 millionar kroner dei tre siste åra. Dette skuldast den store oljenedturen for nokre år sidan og endringar i inntektssystemet. Kombinasjonen av inntektsbortfall og høg tenesteproduksjon gjer sitt til at Fjell kommune hadde eit negativt resultat i 2018. Det same gjeld så langt i 2019. Dei første månadene viser mellom anna stort omfang av vikarbruk. Vi veit av erfaring at vikarbruken er størst om vinteren, men nivået så langt i år er likevel urovekkjande høgt.

Dei siste 20 åra har den økonomiske strategien i Fjell vore å leggja til sides pengar i gode år og ha dei til gode til vanskelege tider. Dette er ein variant av forteljinga om at etter dei sju feite åra, kjem dei sju magre. Sjølv om det svingar økonomisk år for år, har det overordna målet for Fjell vore å halda stabile tenester og utvikla dei vidare.

Vi er inne i det siste driftsåret for Fjell kommune før vi saman med Sund og Øygarden skal danne ein ny kommune frå januar 2020. Eg ser det difor som nødvendig å ta nokre grep for å retta opp mest mogleg av den manglande balansen mellom utgifter og inntekter. Målet er at desse grepa kan takast utan at dette svekkjer vesentleg kvaliteten på tenestene.

I samråd med resten av leiarteamet, har eg konkludert med å påleggja oss alle følgjande tiltak:

- Bruk av vikarar må reduserast til eit minimum.
- Det vert ikkje innført innkjøpsstopp, men alle einingsleiarane vert bedne om å redusera innkjøpa til eit minimum.
- Vurder å venta med tilsetjing dersom stillingar vert ledige. Eventuell tilsetjing ved ledige stillingar må avklarast i stillingsgruppa.
- Opplæring av tilsette må avgrensast til det mest nødvendige. Vi må i størst mogeleg grad unngå store samlingar som også vil krevja høg vikarbruk. Det vil i tida frametter gå med mykje tid til planlegging av den nye kommunen, og dette må uansett forskyva anna opplæring.

Målet er at vi i 2019 kan retta opp ubalansen mellom inntekter og utgifter og overlevera ein kommune med eit sunt økonomisk grunnlag for den nye kommunen. I ein slik situasjon er samspelet mellom leiinga, vernetenesta og dei tillitsvalde ein føresetnad for å lukkast. Det har vi gode erfaringar med i Fjell.

Trass i store økonomiske utfordringar for Fjell kommune vågar eg å vera optimistisk når eg rettar blikket framover. Medarbeidarane i Fjell kommune har tidlegare makta å retta opp store økonomiske utfordringar. Eg er viss på at det skal vi makta å få til denne gongen også.

Vennleg helsing
Steinar Nesse
rådmann



Økonomirapport pr. 1. kvartal 2019

SUND KOMMUNE



1	Innleiing.....	3
2	Økonomi.....	3
2.1	Samandrag	3
2.2	Skatteinntektene (inkl. inntekstutjamning).....	4
2.3	Andre poster.....	5
2.4	Anna informasjon	5
3	Særskilde tenester.....	6
3.1	Rådmannen	6
3.2	Kommunalsjefområde Oppvekst/kultur.....	7
3.3	Kommunalsjefområde Helse- og omsorg, areal og drift.....	8
3.4	Status oppfølging budsjetttiltak	9
3.5	Investeringar	10
3.6	Skatt/ramme/finans	10
3.7	Økonomiske konsekvensar	10



ØKONOMIRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2019

1 INNLEIING

I denne kvartalsrapporten vil ein finna status pr. første kvartal 2019. Kvartalsrapporten er mindre omfattande og noko annleis enn det ein er van med, noko som skuldast prioritering knytt til arbeidet med Nye Øygarden kommune. Likevel skal rapporten gje eit godt bilete på økonomisk status pr 1. kvartal 2019.

2 ØKONOMI

Alle budsjettansvarlege i Sund kommune rapporterer månadleg avvik (positivt/negativt) i høve periodisert budsjett. Rapporteringa skjer etter fastsett rapporteringskalender for heile året. Vesentlege avvik frå budsjett vert rapportert og forklart av dei budsjettansvarlege til deira Kommunalsjef/Rådmann. På dette viset sikrar ein lik rapportering, styring og kontroll. Rådmannen vurderer det slik at einingane gjer ein god jobb i høve avviksoppfølging frå månad til månad, men det er framleis heile vegen rom for forbetring.

Vi har ei målsetjing om å gjere rapporteringa i kommunen konsistent, oversikteleg og forståeleg. På denne måten sikrar ein kunnskap, forståing og kvalitetssikring av rapporteringa, slik at vi til ei kvar tid har best mogleg oversikt over den økonomiske stoda og dei utfordringane vi har.

2.1 SAMANDRAG

Oversikta under syner budsjettavvik pr. mars 2019 - for respektive område:
(R=rekneskap, B=budsjett)

Kva som ligg under dei einskilde områda, kjem fram av rekneskapsrapport pr. kommunalsjefområde, som er vedlagt. Under kapitlet «særskilte tenester» vert det og gjeve eit samandrag av kvart einskild kommunalsjefområde/rådmannsområde, med avvik fordelt på hovudpostar.



	REKNESKAP PR		BUDSJETT PR		AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR	
	MAR 2019	MAR 2019	MAR 2019	MAR 2019			MAR 2018	B 2019
RÅDMANN	12 692 192	12 188 869	503 322	4,1 %	11 355 705	41 211 322		
KOMMSJEF OMR. OPPVEKST, KULTUR	49 064 381	48 684 250	380 130	0,8 %	48 446 472	203 095 630		
KOMMSJEF OMR. HELSE-OG OMSORG, AREAL, TEKNISK DRIFT	46 852 396	46 577 595	274 801	0,6 %	45 136 862	166 878 795		
RAMME/SKATT/FINANS	-117 597 154	-116 500 340	-1 096 814	0,9 %	-124 187 495	-414 122 357		
MINDREFORBRUK (RESULTAT AVSATT)	2 936 610	2 936 610	0	100,0 %	11 457 650	2 936 610		
SUM	-8 988 186	-9 049 625	61 440		-7 790 806	0		
Kontogruppert:								
Lønn inkl ref	96 813 484	97 031 560	-218 076	-0,2 %	89 996 328	358 770 338		
Andre driftskos.	36 713 545	35 094 293	1 619 252	4,6 %	37 247 695	188 702 419		
Inntekter	-142 515 214	-141 175 478	-1 339 736	0,9 %	-135 034 829	-547 472 757		
SUM (NETTO)	-8 988 186	-9 049 625	61 440		-7 790 806	0		

Positivt forteikn avvik: negativt budsjettavvik/mindreinntekt samanlikna med budsjett.

Negativt forteikn avvik: positivt budsjettavvik/meirinntekt samanlikna med budsjett.

Kort oppsummert syner rapporten pr. mars eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,06.

- Rådmannsområdet har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,5
- Kommunalsjefområdet Oppvekst/Kultur har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,4
- Kommunalsjefområdet Helse - og omsorg, Areal, Drift har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,3
- Ramme, skatt og finansområdet har samla sett eit positivt budsjettavvik på MNOK 1,1

Rapporten pr. første kvartal syner eit negativt budsjettavvik på kostnadssida med om lag MNOK 1,2 i høve periodebudsjett. (Lønsbudsjettet syner positivt budsjettavvik på MNOK 0,2 medan andre driftskostnader syner eit negativt budsjettavvik på MNOK 1,6). Det er samstundes positivt budsjettavvik knytt til inntekter i storleiken MNOK 1,3 Alt i alt eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,06.

2.2 SKATTEINNTektENE (INKL. INNTekTSUTJAMNING)

Skatteinntektene består av to postar; skatteinntekter ekskl. inntektsutjamning og inntektsutjamning. Skatteinntektene ekskl. inntektsutjamning er MNOK 2,5 (4,8%) høgare enn budsjettet pr. mars. Inntektsutjamninga er pr. mars MNOK 1,6 (22,0 %) lågare enn budsjettet, slik at ein totalt sett har eit positivt budsjettavvik knytt til skatt pr. mars 2019 på MNOK 0,9.

Skatteinntektene inkl. inntektsutjamning er pr. mars 2019 kr. 8.666 pr. innbyggjar. Pr. same periode i fjor var talet kr. 8.341. Skatteinntekter inkl. inntektsutjamning pr. innbyggjar er såleis 3,9 % høgare enn pr. same periode i fjor.



Skatt inklusiv inntektsutjamning syner ei auke på 3,5 % frå same tid i fjor, litt lågare enn landet under eitt, som har ei auke på 3,9 % i same tidsrom. Sund kommune har no ein skatteinngong på 86,0 % av landsgjennomsnittet, medan inntektsutjamninga medfører at Sund vert løfta til 94,7 % av landsgjennomsnittet. (Skatteinntektene ekskl. inntektsutjamninga for Sund kommune var for året 2018 86,1 % av landsgjennomsnittet, medan vi vart løfta til 94,7 %).

2.3 ANDRE POSTER

Løn inkl. refusjonar: Positivt budsjettavvik er om lag MNOK 0,2. Budsjettavvika knytt til løn fordeler seg slik på områda:

- Rådmannsområdet: Negativt budsjettavvik knytt til løn er om lag MNOK 0,7. Talet inkluderer ikkje oppnådde tiltak budsjettert på løn på MNOK 0,7 som gjeld heile kommuneorganisasjonen.
- Kommunalsjefområde Oppvekst/kultur: Negativt budsjettavvik knytt til løn er om lag MNOK 0,8. Område barnehage har total sett eit negativt budsjettavvik knytt til løn MNOK 0,1, medan skuleområdet har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,6. Kommunalsjefen har eit negativt budsjettavvik knytt til løn på MNOK 0,1, noko som i hovudsak dreier seg om ikkje oppnådde tiltak.
- Kommunalsjefområde Helse- og omsorg, Areal, Drift: Positivt avvik knytt til løn er MNOK 1,6. Dette skuldast hovudsakeleg at det ikkje er tilsett personale enno på Open omsorg og på tiltak funksjonshemma.

Andre driftskostnader: Negativt budsjettavvik er om lag MNOK 1,6. Budsjettavvika knytt til andre driftskostnader fordeler seg slik på dei ulike områda:

- Rådmannsområdet: Marginalt positivt budsjettavvik andre driftskostnader.
- Kommunalsjefområde Oppvekst/kultur: Positivt budsjettavvik andre driftskostnader MNOK 0,7.
- Kommunalsjefområde Helse- og omsorg, Areal og Drift: Negativt budsjettavvik andre driftskostnader er på MNOK 2,6 Dette skuldast auka sosialhjelp (MNOK 1,4) og kostnader knytt til Sundheimen (MNOK 0,5) men og kostnader knytt til andre ansvarsområde.

2.4 ANNA INFORMASJON



Utbytte frå BKK:

I samband med resultatframlegginga for 2018 foreslår styret i BKK MNOK 770 i utbytte. Sund kommune sin eigarandel er 1,02 %, og kommunen vil få utbytte på om lag MNOK 7,9 som er om lag MNOK 3,0 meir enn budsjett 2019. Rådmannen kjem tilbake seinare med forslag til budsjettendring

3 SÆRSKILDE TENESTER

3.1 RÅDMANNEN

Rådmannsområdet har samla sett eit negativt budsjettavvik pr. mars

Tabellen under syner korleis avviket er samansett, på hovudpostnivå.

	REKNESKAP PR MAR 2019	BUDSJETT PR MAR 2019	AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR MAR 2018	B 2019
Lønn inkl ref	7 416 462	6 786 980	629 482	9,3 %	6 981 664	27 140 214
Andre drifts	5 597 584	5 632 490	-34 906	-0,6 %	4 562 320	19 729 568
Inntekter	-321 854	-230 600	-91 254	39,6 %	-188 279	-5 658 460
SUM (NETTO)	12 692 192	12 188 869	503 322	4,1 %	11 355 705	41 211 322

Rådmannen sitt område utgjer ansvara:

- ❖ Politisk sekretariat
- ❖ Rådmannen
- ❖ Felles tiltak
- ❖ Økonomi-og løn
- ❖ Stab
- ❖ Offentleg servicekontor
- ❖ Personal
- ❖ IKT

Samla sett syner området eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,5. Under Rådmannsområdet ligg fellestiltak (heile kommuneorganisasjonen) knytt til vakansar i 2019, der det er ikkje er måloppnåing pr. første kvartal- dette utgjer eit negativt avvik på MNOK 0,7. Elles er det innsparing på postar som trygding, kurs, rekvisita osb, saman med noko høgare inntekter enn budsjettet.



3.2 KOMMUNALSJEFOMRÅDE OPPVEKST/KULTUR

Kommunalsjefområdet har samla sett eit negativt budsjettavvik på MNOK 1,5.

Tabellen under viser korleis avviket er samansett på hovudpostnivå:

	REKNESKAP PR MAR 2019	BUDSJETT PR MAR 2019	AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR MAR 2018	B 2019
Lønn inkl ref	50 254 255	49 475 749	778 505	1,6 %	46 970 006	185 225 797
Andre drifts	7 087 988	7 783 270	-695 282	-8,9 %	7 934 694	55 609 440
Inntekter	-8 277 862	-8 574 769	296 907	-3,5 %	-6 458 228	-37 739 607
SUM (NETTO)	49 064 381	48 684 250	380 130	0,8 %	48 446 472	203 095 630

Tabellen under syner korleis avviket er samansett pr. område:

	REKNESKAP PR MAR 2019	BUDSJETT PR MAR 2019	AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR MAR 2018	B 2019
Kommsjef	1 884 751	2 387 626	-502 875	-21 %	3 234 737	8 854 813
BHG	14 095 355	14 059 815	35 539	0 %	12 949 940	51 803 622
SKULE	29 621 174	28 705 061	916 112	3 %	28 005 862	110 470 889
U-ktr	206 335	228 797	-22 462	-10 %	290 004	868 980
PPT	1 440 219	1 425 007	15 212	1 %	1 651 846	5 187 001
BV	0	0	0	#DIV/0!	-20 007	16 011 281
KULTUR	1 816 547	1 877 944	-61 397	-3 %	2 334 089	9 899 044
SUM (NETTO)	49 064 381	48 684 250	380 130	0,8 %	48 446 472	203 095 630

Kommunalsjefen har eit positivt budsjettavvik på MNOK 0,5 som skuldast litt lågare tilskot privat bhg og høgare inntekt/refusjon frå staten enn periodebudsjett. Lågare kostnad skuleskyss enn periodebudsjett grunna manglande ført kostnad pr mars (MNOK 0,3).

Barnehagane har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,036, noko som skuldast høgare lønsutgifter enn budsjettert.

Skulane har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,9. Årsak høgare lønsutgifter på 2 skular. Avvik også på sfo med mindre inntekter, skuldast stor nedgong inntekt på ein skule. Det er avvik fordelte nedtrekk som er budsjettert på kommunalsjef.

PPT har eit marginalt negativt budsjettavvik.

Ungdomskontoret har eit marginalt positivt budsjettavvik

Barnevernstenesta

Drifta av barnevernet er lagt til Fjell kommune (vertskommune). Det er avtale med Fjell om at dei skal rapportere to gongar i året. Det er ikkje rapportert om vesentlege avvik i forhold til budsjett.

Kultur har eit marginalt positivt budsjettavvik.



3.3 KOMMUNALSJEFOMRÅDE HELSE- OG OMSORG, AREAL OG DRIFT

Kommunalsjefområdet har eit samla negativt budsjettavvik på MNOK 0,3.

	REKNESKAP PR MAR 2019	BUDSJETT PR MAR 2019	AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR MAR 2018	B 2019
Lønn inkl ref	39 142 767	40 768 831	-1 626 064	-4,0 %	37 753 360	156 029 933
Andre drifts	17 580 678	14 986 450	2 594 229	17,3 %	17 802 805	53 792 414
Inntekter	-9 871 050	-9 177 686	-693 364	7,6 %	-10 419 303	-42 943 552
SUM (NETTO)	46 852 396	46 577 595	274 801	0,6 %	45 136 862	166 878 795

Tabellen under syner korleis avviket er samansett, på hovudpostnivå og per område.

	REKNESKAP PR MAR 2019	BUDSJETT PR MAR 2019	AVVIK	AVVIK %	REKNESKAP PR MAR 2018	B 2019
KOMMUNALSJEF	249 134	502 982	-253 849	-50,5 %	298 912	2 710 970
HELSE	32 894 869	32 812 366	82 504	0,3 %	32 669 245	124 541 237
TEKNISK	13 708 393	13 262 247	446 146	3,4 %	12 168 706	39 626 588
SUM	46 852 396	46 577 595	274 801	0,6 %	45 136 862	166 878 795

Kommunalsjefen har eit positivt budsjettavvik på MNOK 0,2. Dette er fordi budsjettet knytt til tiltak nr 1910 Dag og døgn rehabilitering på lokalmehedens senter er feil periodisert. Dette utgjør det positive avviket. Vert retta.

Helseavdelinga har eit positivt budsjettavvik på MNOK 0,3. Dette skuldast mellom anna tilskot frå staten der tiltak ikkje blei iverksatt med ein gong, samt lite bruk av ekstrahjelp /vikar, der ein får refusjon på sjukepengar. Eininga har utgifter på slutten av året som varierer frå år til år, mellom anna rekning på felles legevakt.

Psykisk helse og rustenester har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,1.

Sosialtenesta har eit negativt budsjettavvik på MNOK 1,1. Dette skuldast i hovudsak høge utgifter til sosialhjelp. Statlige innsparingar der regelverk blir endra sånn at færre får innvilga uføretrygd og AAP fører til at fleire må over på sosialstønad som inntektskilde. Dette er ein trend i heile regionen, og sannsynligvis på landsbasis. I tillegg er det høyt tilstrøm av nye søkere som tidlegare ikkje har vore i kontakt med nav Sund. Nye klientar kvar veke. Dette vil rådmannen sjå nærare på og vurdere ein eventuell budsjettregulering.

Tiltak for funksjonshemma har eit positivt budsjettavvik på MNOK 0,9. Skyldes delvis stillingar som er ubesett. Kan og gjelde ubetalte faktura på BPA.

Flyktingområdet har eit marginalt negativt budsjettavvik

Sundheimen har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,4. Vi har betalt for 2 plasser på Solhaug til og med april. Ekstra bemanning grunna forsvarlighet. Høg straumrekning. Det er forventer at avviket blir større grunna høgt sjukefravær, rekruttering og bruk av vikarbyrå.

Open omsorg har eit positivt budsjettavvik på MNOK 0,4. Dette skuldast stillingar som det enno



ikkje er tilsett personale i.

Arealavdelinga har eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,2. Gebyrinntektene er om lag som budsjettert, noko høgare enn budsjettert på byggesak og noko lågare enn budsjettert på kart/oppmåling. Elles er det negativt avvik knytt til noko meir kjøp av tenester enn budsjettert.

Drift, reinhald heimehjelp og transport: Totalt har området eit negativt budsjettavvik på MNOK 0,2. Det er etterslep på refusjon frå NAV og andre som gjer at om ein tek omsyn til dette har kontroll/positivt avvik.

3.4 STATUS OPPFØLGING BUDSJETTILTAK

TILTAK I BUDSJETTPLANPERIODEN	2019	2020	2021	2022
Rådmann	610 000	-1 000 000	-10 500 000	-3 000 000
Nr 1912 Kontigent Nettverk fjord og kystkommuer (nfkk) <u>dekka med fond</u>	110 000	0	0	0
Nr.1904 Tilskot til Gründerparken Vest) <u>dekka med fond</u>	500 000	0	0	0
Nr 1908 Effektiviseringsbehov i kommunen	0	-1 000 000	-10 500 000	-3 000 000
Komsjef oppvekst	-1 066 000	-1 346 000	-2 066 000	-2 066 000
Nr 1903 Generelt innsparingstiltak skule	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Pollen skule bygg skal seljast – budsjett utgår (360)	-66 000	-66 000	-66 000	-66 000
Nr 1911 Innsparing barnehagedrift ved ny barnehage i Spildepollen	0	-280 000	-1 000 000	-1 000 000
Komsjef helse og omsorg	3 742 900	3 842 900	4 642 900	4 642 900
Nr 1910 Dag -og døgn rehabilitering på lokalmed.senter <u>delvis dekket av fond</u>	800 000	900 000	1 700 000	1 700 000
Nr.1901 Styrking av heimetenesta	1 902 773	1 902 773	1 902 773	1 902 773
Nr.1902 Dagsenter auke til 5 dagar veke (frå 2 dg)	1 040 127	1 040 127	1 040 127	1 040 127

Kommentar til tiltak i 2019

- ✓ Tiltak nr 1912 og tiltak 1904 er venta utbetalt i fyrste halvår 2019.
- ✓ Tiltak nr 1910, tiltak 1901 og tiltak 1902 er eller vert gjennomført no i 1. halvår 2019.
- ✓ Tiltak nr 1903 vert fyrst mogleg å gjennomføre frå hausten 2019.



3.5 INVESTERINGAR

Hittil i 2019 er det rekneskapsført investeringar for om lag MNOK 41,3 av årets budsjett på MNOK 171,1. Dei største er ny skule i Spildepollen MNOK 21,5, utviding av Stranda skule MNOK 6,2, nye omsorgsbustadar for eldre MNOK 6,6 samt kjøp av fiskerihamn Golta MNOK 2,5.

3.6 SKATT/RAMME/FINANS

Det vert laga finansrapport for 1. kvartal, til sak for rekneskapen for 2018 til møte i kommunestyret i juni 2019.

Området har pr. mars om lag MNOK 1,1 i positivt avvik. Samla skatteinnngong/inntektsutjevning syner positivt avvik MNOK 0,9 samt lågare rente med MNOK 0,2. Renta er aukande.

3.7 ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Det er eit negativt avvik pr. mars på MNOK 0,06.

Det er krevjande å halde budsjettkontroll, og det er summen av den innsatsen som kvar einskild medarbeider gjer kvar dag som avgjer om vi klarar å å viser positiv budsjettbalanse. Det vert gjort ein god jobb av alle tenesteområda. Rådmannen har i siste økonomiplan åtvare mot fare for auka rente og gjort greie for den krevjande økonomiske situasjonen ein vil ha i 2019. Renta er aukande. Sjølv om vi har nokonlunde grei kontroll på dei fleste område, så er det likevel grunn til, nok ein gong, å peika særleg på det at årets budsjett er sers krevjande, og meir krevjande enn «normalt», med ein rekkje krevjande tiltak på kostnadssida. Om vi ikkje klarer å levere på dette vert den økonomiske stoda utover i året forverra. Drifta er pressa, men rådmannen er likevel godt nøgd med jobben som vert gjort av og i organisasjonen for å forsøke å levere ihht. budsjett.



Frå:

Egil Robert Johansen

Økonomirådgjevar

Dok. ref. 19/714-2//EGIJOH

Dato: 30.04.2019

Økonomiske oversikter pr 310319

Denne rapporten kjem i tillegg til "Økonomirapport pr 31.03.2019 inkl oversyn fond til Formannskapet".

Det vert gjort merksam på at denne rapporten er med å dannar grunnlag for samla økonomisk oversyn i for Nye Øygarden kommune pr 31.03.2019 som skal leggjast fram for Fellesnemnda 13.05.2019.

Økonomisk oversyn pr 31.03.2019

Rekneskapen syner eit netto driftsresultat på 5,3 mill kr mot eit periodisert budsjett på 1 mill og eit årsbudsjett på -27,9 mill kr.

Samla driftsinntekter er på om lag 27% av regulert årsbudsjettet. Sett mot periodisert og regulert budsjett ligg driftsinntektene 5 mill kr over budsjett. Det største avviket her er på dei kommunale gebyra og heng saman med at budsjett ikkje er regulert i høve gebyrsatsar for 2019.

Driftsutgifter er på om lag 24,5% av regulert årsbudsjett. Sett mot periodisert og regulert budsjett er det eit meirforbruk på 10 mill kr. Dei største avvika er på kjøp av varer og tenester og overføringar med meirforbruk på til saman 8 mill kr. Her er det og utgifter som er betalt for heile året, men som har eit budsjett fordelt gjennom heile året slik at avvik vert mindre gjennom mot slutten av 2019. Når det gjeld overføringar er det i hovudsak knytt til ein rekning frå Fjell kommune som gjeld legevakt 2018. Nærare analyse vert kome attende til i perioderapport pr 30.04.19.

Samstundes er det vert å merke seg at fleire store driftsprosjekt ikkje er starta for fullt.

Rådmannen vil ha tett dialog og budsjettoppfølging med einingsleiarar som har meirforbruk, og vil koma attende til rapportering pr eining i samband med driftsrapport pr 30.04.19.

Vedlegg:
Økonomisk oversyn pr 31032019

Sak 25/19 Økonomirapport - ekstra vedlegg Øygarden kommune

Økonomiske oversikter

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap pr 31.03.2019	Reg. budsjett pr 31.03.2019	Reg. budsjett 2019	Oppr.budsjet 2019	Regnskap pr 31.03.2018
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger	4 118 728,95	4 033 000,05	16 082 000,00	16 082 000,00	4 678 041,80
Andre salgs- og leieinntekter	15 242 500,24	12 247 250,01	48 989 000,00	48 989 000,00	10 975 299,06
Overføringer med krav til motytelse	11 041 796,74	12 198 750,07	55 818 000,00	51 886 000,00	11 030 327,31
Rammetilskudd	45 126 036,00	44 487 440,00	163 654 000,00	163 654 000,00	42 675 686,74
Andre statlige overføringer	3 969 937,00	2 342 249,97	9 369 000,00	9 369 000,00	2 665 780,00
Andre overføringer	10 000,00	0,00	160 000,00	60 000,00	10 360,00
Skatt på inntekt og formue	35 581 097,16	34 749 120,00	124 104 000,00	124 104 000,00	35 561 688,23
Eiendomsskatt	40 131 296,00	39 792 250,00	159 169 000,00	159 169 000,00	40 127 634,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	155 221 392,09	149 850 060,10	577 345 000,00	573 313 000,00	147 724 817,14
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	68 168 004,18	67 039 040,01	254 433 000,00	250 401 000,00	67 918 048,33
Sosiale utgifter	16 772 078,27	16 120 368,00	66 246 000,00	66 246 000,00	17 026 261,17
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	25 177 812,51	21 877 499,97	87 510 000,00	87 510 000,00	19 591 417,67
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	19 302 314,94	19 149 250,02	77 717 000,00	77 717 000,00	14 162 943,45
Overføringer	16 054 459,46	11 664 300,02	71 652 000,00	71 652 000,00	12 834 520,15
Avskrivninger	0,00	0,00	37 819 000,00	37 819 000,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	145 474 669,36	135 850 458,02	595 377 000,00	591 345 000,00	131 533 190,77
Brutto driftsresultat	9 746 722,73	13 999 602,08	-18 032 000,00	-18 032 000,00	16 191 626,37
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte	101 491,02	150 000,00	4 894 000,00	4 894 000,00	75 980,71
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmid	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	3 000,00	31 250,01	125 000,00	125 000,00	3 000,00
Sum eksterne finansinntekter	104 491,02	181 250,01	5 019 000,00	5 019 000,00	78 980,71
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger	1 377 646,12	2 654 250,00	10 617 000,00	10 617 000,00	1 224 969,89
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	3 129 810,00	10 455 000,00	41 820 000,00	41 820 000,00	3 129 820,00
Utlån	54 940,00	75 000,00	300 000,00	300 000,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	4 562 396,12	13 184 250,00	52 737 000,00	52 737 000,00	4 354 789,89
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-4 457 905,10	-13 002 999,99	-47 718 000,00	-47 718 000,00	-4 275 809,18
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	37 819 000,00	37 819 000,00	0,00
Netto driftsresultat	5 288 817,63	996 602,09	-27 931 000,00	-27 931 000,00	11 915 817,19
Interne finanstransaksjoner					
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	38 300 000,00	38 300 000,00	675 000,00
Bruk av bundne fond	1 549 669,00	0,00	0,00	0,00	550 000,00
Sum bruk av avsetninger	1 549 669,00	0,00	38 300 000,00	38 300 000,00	1 225 000,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	701 320,00	0,00	0,00	0,00	1 404 446,00
Sum avsetninger	701 320,00	0,00	0,00	0,00	1 404 446,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	6 137 166,63	996 602,09	10 369 000,00	10 369 000,00	11 736 371,19

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/19	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	13.05.2019

Endring av adressenamn i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Fellesnemnda gjorde vedtak 22.01.18 om å setja i gong arbeidet med å endra like og svært like adressenamn for Nye Øygarden kommune. Dei tre kommunane har arbeidd med å sikra eintydige vegnamn. Ut frå fastsette retningslinjer vart det avklara kva vegnamn den einskilde kommune måtte endra. Det vart deretter opna for at grunneigarar, som ville få nye vegnamn, kunna koma med innspel til nye namn. Språkrådet har kome med sine vurderingar. Forslaga vart sendt ut på høyring med svarfrist 08.04.19.

Prosjektrådmannen si innstilling er i tråd med kommunane si vurdering og tilråding til nye adressenamn, som vist i skjemaet lagt ved saka.

Innstilling:

1. Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek adressenamna slik dei går fram av saksframlegget frå dei respektive kommunane.
2. Fellesnemnda ber administrasjonen sikra at ny adressering er på plass til 01.01.2020.

Straume, den 30.04.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Skjema – forslag til nye adressenamn Fjell, Sund og Øygarden

Saksopplysningar:

Det har kome forslag på vegnamn som ikkje kan brukast på grunn av at dei allereie er i bruk. Desse er ikkje tatt med i den vidare prosessen. Nokre vegar, med adressenamn som vart vedteke endra, skal innlemmast i andre vegar. Dei som bur i desse vegane har fått uttale seg tidlegare i saka, før dei nye namna vart sendt på høyring.

I Sund er det 20 vegnamn som må endrast som følgje av kommunesamanslåinga. Saksgruppe Næring og utvikling har slutta seg til vegnamna som vart lagt ut på høyring.

I Fjell er det 15 vegnamn som må endrast. Høyringsinnspela er handsama administrativt.

I Øygarden er det 23 vegnamn som må endrast. Høyringsinnspela er handsama administrativt.

Skjemaet som ligg ved saka viser kva adressenamn som må endrast, forslag til nye, høyringssvar og tilråding frå kommunane. Kommunane si vurdering er lista opp i kolonnen nærast fellesnemnda. Kolonnen heilt til høgre er for fellesnemnda sine vedtak.

Vurdering:

Språkrådet sine fråsegn avviker i ein del tilfelle frå det kommunane og innbyggjarane meiner. For kommunane er det viktig å vektleggja området der vegen endar og nytta det naturlege talemålet i størst mogleg grad.

Prosjektrådmannen si innstilling er i tråd med kommunane si vurdering og tilråding til nye adressenamn, som vist i skjemaet lagt ved saka.

Nye Øygarden kommune - Samordning av adressesystemet

Forslag til nye adressenamn, Fjell						
Stad	Adressenamn som skal endrast	Forlag til nytt namn - høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Algrøyna	Dalavegen og Haugarvegen vert endra til ein vegparsell	Algrøyvegen Bestevegen Morobakken Naustbakken Algrøysjøen Algrøystanda		Lokale innspel før høyring frå Algrøy Bygdalag, der Naustbakken er rangert som 1. alternativ Har også kome innspel før høyring frå privatperson. adm.følgjer forslag frå bygdalag	Naustbakken	
Bjørøy	Hellemyrvegen	Helletoppen Flyndreviktoppen Øvre Flyndrevikvegen	Innspel frå velforening - Helletoppen	adm.følgjer forslag frå velforening	Helletoppen	
Brattholmen	Lynghaugen	Røsslynghaugen Brattholmsvingen Arebrekka Øvre Svingen		Lokalt innspel før høyring frå Lynghaugen velforening, der Røsslynghaugen er rangert som 1. alternativ.	Røsslynghaugen	
Landro	Sanden	Sandbakken Ovika		Lokalt innspel	Sandbakken	
Li	Sletto	Slettevegen Lisletta		Lokalt innspel før høyring frå Sletto Sameielag, der Slettevegen rangert som 1.alternativ. Tilråding frå språkrådet, Slettevegen, vart sendt på høyring. Adm. Følgjer tilråding frå språkrådet.	Slettevegen	
Lokøyna	Linhaugen	Linevika Linevikhaugen		Lokalt innspel før høyring frå styret i Lokøy Velforening, der Linevika/Linevik er kome inn som forslag. Språkrådet tilrår Linevikhaugen. Adm. følgjer forslag frå velforening.	Linevika	
Misje	Kvednaviksvegen	Misjekverna Misjekvernvegen	Etter høringsprosses ønskjer dei berørte at vegen vert innlemma i Gamlevegen	Adm følgjer forslag frå dei berørte	Innlemming i Gamlevegen	skal ikkje gjerast vedtak om nytt namn
	Varden	Misjevarden Søre Krakhaugen		Ingen innspel	Misjevarden	
Skålvika	Fagredalvegen	Vestre Fagrehaugen		Ingen Innspel	Vestre Fagrehaugen	
Straume	Haugen	Straumsåsen Gamlehaugen Straumshaugen		Lokale innspel Straumsåsen/Gamlehaugen. Fleirtalet ønskjer Straumsåsen. Tilrådd frå språkrådet Straumshaugen Adm.følgjer lokale innspel	Straumsåsen	

Stad	Adressenamn som skal endrast	Forlag til nytt namn - høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Straume	Rognevegen	Rognebærvegen/Raunebærvegen Rognelunden/Raunelunden Rognetrelunden/Raunetrelunden (Skrivemåte med forledd Raun tilrådd av Språkrådet)		Lokale innspel før høyring. Rognebærvegen med fleire. Tilrådd frå språkrådet å nytta forma raun i staden for Rogn Adm. vurderer det slik at sidan dette er eit innarbeidd namn frå 1980-talet så vil adm. nytta forma Rogn.	Rognebærvegen	
Turøyna	Garen	Turøygarden		Ingen innspel , Språkrådet tilrår Turøygarden. Adm. Følgjer tilråding frå språkrådet.	Turøygarden	
Vindenes	Austrevegen	Barneshøgda Barnessvingen Barnesvegen Austre Barneshaugen		Tidlegare lokale innspel kunne ikkje nyttast på grunn av at det var for likt tidligare vedtekne adressenamn.	Barnessvingen	
	Vestrevegen	Barnestoppen Utsikten Vestre Barneshaugen		Lokale innspel før høyring; Barnestoppen/utsikten Adm. følgjer lokalt innspel Barnestoppen.	Barnestoppen	
Ågotnes	Hagardsvegen	Haggarden Haggardsberget Haggardsvatnet Haggardsvassvegen		Ingen innspel i høyringsprosessen Språdrådet tilrår i forledd Haggard i staden for Hagard av dei namna som var på høyring.	Haggardsvatnet	

Forslag til nye adressenamn, Øygarden

Stad	Adressenamn som skal endrast	Forslag til nytt namn-høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Blomvåg	Berget	Blomvågvegen		Tilrådd av Språkrådet	Blomvågvegen	
Nordre Sæle	Gjerdet	Nordre Sæle Kupevegen	godtar Nordre Sæle	Namn på område	Nordre Sæle	
Hernar	Haugevegen	Hernar Hernevegen Hedlane		Namn på øya	Hernar	
Vik	Ingjervegen	Losemyrvegen Losemyro			Losemyrvegen	
Hellesøy	Knappen	Knapphaugen Hellesøyknappen			Knapphaugen	
Torsvik	Kvernneset	Tollbuvegen			Tollbuvegen	
Blomvåg	Kyrkjevegen	Blomvågvegen		Tilrådd av Språkrådet	Blomvågvegen	
Hernar	Murane	Piletrevegen			Piletrevegen	
Nautnes	Nesvegen	Tanglevikvegen Stompefluvegen		Vegen endar i Tanglevika	Tanglevikvegen	
Torsvik	Nesevegen	Tollbuvegen			Tollbuvegen	

Stad	Adressenamn som skal endrast	Forslag til nytt namn-høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Rong	Nygardsvegen	Haugetunvegen Brunnhøyvegen			Haugetunvegen	
Breivik	Rinden	Breivikvegen			Breivikvegen	
Vik	Sjøvegen	Vikavågen Vikavågvegen		Mykje å uttale med vikavågvegen	Vikavågen	
Alvheim	Sørheimsvegen	Madelestova			Madelestova	
Hernar	Skaret	Hernar Hedlane		Namn på øya	Hernar	
Rong	Storevarden	Rongøyvarden			Rongøyvarden	
Hellesøy	Storhøyen	Hegrevegen Hellesøyneset		Tilknytning til staden/området	Hellesøyneset	
Nordre Sæle	Sælevegen	Nordre Sæle			Nordre Sæle	
Nordre Sæle	Sæløyvegen	Hellesøyvegen		Vegen endar på Hellesøy	Hellesøyvegen	
Rong	Tjødnarvegen	Ternholmvegen		Eksisterande namn på område	Ternholmvegen	
Hellesøy	Torrvikvegen	Hegrevegen Hellesøyneset			Hellesøyneset	
Oen	Varden	Breivikvegen			Breivikvegen	
Torsvik	Vågevegen	Maiavegen Kjøpmannsvågvegen			Maiavegen	

Forslag til nye adressenamn, Sund

Stad	Adressenamn som skal endrast	Forlag til nytt namn - høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Eide	Sjøvegen	Austrepollen Bryggena Prestabuneset Træselvvegen		Vegen går langs strandkanten i Austrepollen	Austrepollen	
Forland	Porsvegen	Usholmdalen		Eksisterande namn på området	Usholmdalen	
	Porsneset	Usholmvegen Usholmvika		Eksisterande namn på området	Usholmvika	
	Vågsbotn	Forlandsvågen		Eksisterande namn på området	Forlandsvågen	
Glesnes	Krekebærvarden	Glesnesvarden			Glesnesvarden	
Hammarsland	Brøta	Bøgarden Bøgardsvegen		Vegen går opp til Bøgarden	Bøgardsvegen	
	Bergvegen	Torvmyrvegen			Torvmyrvegen	
Kausland	Myravegen	Kauslandsmyra			Kauslandsmyra	
	Vardevegen	Kauslandsvarden			Kauslandsvarden	
Kleppe	Rindane	Gangstøvegen		Mange namn med Gangstø som første lekk Språkrådet tilrår vegen som etterlekk	Stokkavikvegen	
		Stokkavika Stokkavikvegen				
Kårevika	Haugaseto	Blokkebærhaugen Gjelberget Setesket			Blokkebærhaugen	

Stad	Adressenamn som skal endrast	Forlag til nytt namn - høyring	Merknader høyring	Vurdering	Tilrådd av kommunen	Vedtak Fellesnemnda
Lerøyna	Kverndalen	Lerøystien Lerøytunet Austre Gapesteinen		Harmonerer med Lerøyhagen og Lerøyvegen	Lerøytunet	
Skaga	Storhaugen	Skaga			Skaga	
Skoge	Neset	Kvalbuvegen Kvalvågsvegen	Språkrådet rår til Kvalvågsvegen Merknad frå innbyggjarar: Kvalvågvegen utan s	Vegen går ned til innløpet til Kvalvågen, dialektuttale utan s	Kvalvågvegen	
Sund prestegard	Liavegen	Sundslia		Namn nytta frå gamalt av	Sundslia	
	Nordavika	Bakarsjøen Sundssjøen		Namn nytta frå gamalt av	Sundssjøen	
	Stølen	Sundsstølen Kråneset Bessadalen		Namn på neset der veggen ender Namn funne på kartet	Sundsstølen	
Vorland	Kvednavegen	Einerhaugen Monsahaugen Møllarvegen Vorlandskverna	Synes Einerhaugen er eit passende namn	Fråråda av Språkrådet, harmonerer ikkje med det nedarva talemålet i Sund Tilrådd av Språkrådet	Møllarvegen	
	Gjerdevegen	Vorlandsgjerde			Vorlandsgjerde	
Øvretveit	Gjerde	Ysttveita		Gjerdsvegen tilråda av språkrådet	Ysttveita	